



Noregs vassdrags- og energidirektorat  
Pb 5091

0301 OSLO

SAKSBEHANDLAR: ALF ERIK RØYRVIK ARKIVKODE: 2016/879 -

DATO: 16.03.2016

**NAUSTDAL-GJENGEDAL VERNEOMRÅDESTYRE - HØYRINGSFRÅSEGN TIL RAUSET KRAFTVERK - SAKSNUMMER 201302966**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre viser til søknad om konsesjon til Rauset kraftverk i Gloppe.

Utbygginga det er søkt om ligg utanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernombæring. Nærmaste inngrep er inntaket i Kvitefella som ligg om lag 300 m frå grensa til verneområdet. Verneområdestyret har soleis ikkje nokon formell rolle i denne saka.

Det er likevel slik at eit tiltak utanfor eit verneområde kan påverke naturverdiar og verneverdiar innanfor verneområdet. Dette kan til dømes vere dersom inngrep utanfor verneområdet vert veldig synlege og skjemmande i terrenget, og soleis reduserer verdien av friluftsopplevelingar i verneområdet.

Området rundt Rausetstøylen er eit populært turområde, og ein innfallsport til Naustdal-Gjengedal landskapsvernombæring. Særleg er det ein del trafikk forbi der kor inntaket i Kvitefella er planlagt og vidare mot Morafta. Ved bygging av inntak her bør det derfor leggast vekt på å få inntak og røyrgate godt tilpassa landskapet og so lite synleg i terrenget som muleg.

Styret vil elles generelt oppmøde om at alle inngrep og anlegg vert gjort so lite synlege og lite skjemmande i terrenget som muleg.

Utover dette har ikkje Naustdal-Gjengedal verneområdestyre merknader til søknaden.

Beste helsing

Håkon Myrvang (sign.)  
styreleiar

Alf Erik Røyrvik (sign.)  
verneområdeforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*